



KVINNHERAD BYGG AS

Seimsvegen 140

5472 SEIMSFLOSS

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Jorunn Røssland Eide	916 67 070	2022/1824		31.03.2023

Delegert dispensasjon – delegert vedtak

Tiltak:	Gjesteparkeringsplass for 6-mannsbustad
Gnr/bnr:	82/240, 202
Byggestad/adresse:	Goto 8 A-F
Tiltakshavar:	ROSENDAL INVEST AS, v/E Holsvik Neslia 92, 5470 ROSENDAL
Ansvarleg søkjar:	Kvinnherad Bygg AS, Seimsvegen 140, 5472 Seimsfloss

Delegert vedtaksnr.: 2023/157

Vedtak

Dispensasjon

Med heimel i plan-og bygningslova (PBL) § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føremålet i reguleringsplan, planid 20060005 Jensajorda-82/5 - Rosendal, til parkeringsplass i veg. Søknad 25.01.2023 og tilhøyrande situasjonsplan/erklæringar med rettar.

Området er regulert til konsentrert småhusbebyggelse i planen.

Ut i frå ei samla vurdering finn vi at omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna til føremåla i lova ikkje vert vesentleg sett til side. Vidare finn ein at føremonene er større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Vilkår:

1. Parkeringsplassane skal merkast opp slik som vist på situasjonsplanen. Dokumenterast ved søknad om ferdigattest
2. Søknad om ferdigattest jf. PBL § 21-10 må sendast Kvinnherad kommune når tiltaket er ferdig utført.

Tiltaket kan igangsetjast når klagefristen er gått ut og det ikkje er kome inn klage. Klagefristen er 3 veker.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

▪ Dispensasjon:

Arealføremål på staden er konsentrert småhus bebyggelse og veg.

Det er søkt om dispensasjon, motteke 25.01.2023, frå arealføremål i reguleringsplan til etablering av gjesteparkeringsplasser delvis utanfor eigedomsgrense i veg.

Reguleringsplan planid.20060005 - Jensajorda 82/5 – Rosendal.

Grunngevinga er at parkeringa kjem litt lengre vekk frå bygning og dermed ut i veg er; ein får ein skråning ned mot svalgang og dermed meir sol og dagslys. Dette er den beste køysing praktisk i høve høgder og plassering. Grøntrabatten mellom veg og naboeigedom er fjerna og vegen er asfaltert heilt til grensa slik det viser på reguleringsplan. Vegbreidda vil framleis vera på ca 6 meter. Parkeringsplassen og bustaden er i enden på vegen. Det vil vera god passasje. Vegen er litt belasta morgon og kveld i høve med levering og henting av barn i barnehagen. Barnehagen har einvegskøyring over sin parkeringsplass. Dette er med å gjera at trafikkbiletet vert oversiktleg.

I føresegnene til plan § 1-13 Konsentrert småhus c) kan gjesteparkeringsplasser plasserast i fellesanlegg. Godkjent situasjonsplan av 24.04.2020 viser gjesteparkering innanfor eigedomsgrense til 82/240.

Framkommeligheita for bil/lastebil vert ikkje hindra ved at deler av 2 gjesteparkeringsplasser kjem ut i vegbana. Tomta er universelt utforma og gjer lett adkomst frå veg.

Kommunen er positiv til husvære som er universelt utforma og sentrumsnært. Ein ser ingen ulemper med at det vert etablert gjesteparkering her.

▪ Plassering:

Naboerklæring for løyve til etablering av gjesteparkering delvis på 82/202 datert 15.09.2021.





Situasjonsplan motteken 24.04.2020

Denne vart nytta når det vart gjeve IG 09.06.2020



Situasjonsplan med søknad om dispensasjon 25.01.2023.

- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er ikkje varsla. Ved endringsløyve gitt 10.06.2022 vart naboar varsla. Ein fann det ikkje naudsynt å varsla denne søknaden om dispensasjon.
- Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre mynde. Dispensasjonsvedtaket vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for klagevurdering. Klagefristen er 3 veker.

Merknader

- Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til søkjar.
- Kommunen har plikt til å føre tilsyn i byggesaker. Ref. PBL § 25-1. Kvinnherad kommune har utarbeidd og godkjent eigen tilsynsstrategi. Kommunen kan føre tilsyn kva tid som helst i løpet av byggesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt.
- Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Jorunn Røssland Eide
Saksbehandlar byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet
Statsforvaltaren i Vestland